



Skilting ved Haugland for det som skal skje dei næraste dagane

**Firmaet NCC vil starte asfaltering på våre kantar imorgon, men det er ikkje 100 prosent sikkert at det vil skje i Uskedalen. Det kan hende at starten vil skje ved skytebanen på vegen til Matre. Men deretter kjem turen raskt til fylkesvegen mellom Feet og Musland og av skiltinga går det fram at det er avsett 4 dagar til denne jobben - altså tidsrommet til og med fredag.**

**På skilta ved Feet og Haugland er det teke atterhald om at ein må rekna med stengning av vegen i inntil ein halv time mellom klokka 0730 og 2100 desse dagane. Det gjeld altså strekninga mellom Feet og Musland.**

Det vart litt forvirring i dag då skiltet ved Haugland låg med forsida ned men det betydde ikkje nokon omlegging av planane. - Det var Vår Herre som felte skiltet, kommenterar Arne J. Haugland.

Strekningen frå Feet til Haugland vart nyasfaltert for nokre år sidan og no tek dei altså fatt på resten av fylkesvegen, som tildels er i svært dårleg forfatning. Børge Tveit frå Matre har hatt jobben med å renske grøftene og pynta opp veikantane som ein førebuing for asfalteringa.

Ein engasjert oppsittar ytra her om dagen ynskje om nyasfalt også på den kommunale strekninga mellom Musland og Friheim, men ho vert neppe bønhyrd. slik den økonomiske stoda i kommunen er no. Den kommunale delen av vegsystemet opp gjennom Uskedalen må nok vente litt på det svarte teppet.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen